



DEN NORSKE KYRKJA

Alver kyrkjelege fellesråd

Møtebok

Utval	Kyrkjeleg fellesnemnd
Møtedato	Tirsdag 20.november 2018
Møtetid	Kl. 16.00-18.00
Møtestad	Møteplassen, Meland kyrkjekontor

Desse møtte:

Frå Lindås kyrkjelege fellesråd:

Ivar Eidsheim
Turid Sporsheim Tvedt
Harald Osland Øvretveit

Frå Radøy sokneråd:

Grethe Lunde
Gunnar Kartveit

Frå Meland sokneråd

Bent Gunnar Næss
Einar Reigstad

Frå kommunal fellesnemnd:

Sølvi Knudsen

Geistleg representant:

Helge Taranrød, prost i Nordhordland. (på telefon)

Forfall:

Bjarte Vatnøy

Kyrkjevevjene i Lindås, Radøy og Meland: Torgeir Paulsen, Audun Sylta, Anne Sofie Nergård Uthaug

Meldingssaker

- M - 9/2018 Kirkepartner IKT – framdrift v/Audun Sylta
- M - 10/2018 Nytt rekneskapssystem v/Audun Sylta
- M – 12/2018 Møter med programansvarleg Alver kommune v/ leiar Grethe Lunde
- M – 13/2018 Nye lokaler og diakonistilling Radøy v/ Gunnar Kartveit

Sakliste

F -27/2018 Godkjenning av innkalling og sakliste

Vedtak:

Innkalling og sakliste vart godkjent.

F - 28/2018 Godkjenning av møtebøker frå 12.09. og 02.10.2018

Vedtak:

Møtebøker frå 12.09. 2018 og 02.10.2018 vart godkjent.

F - 29/2018 Organisering og lokalisering av tilsette og kontor.

Tilråding frå kyrkjeverjene.

Kyrkjeverjene tenker at modell C kan prøvast ut og implementerast i det tempoet som er mogleg. Modell C gir den beste løysinga på den viktige kommunikasjonen mellom fellesråd og sokneråd. Desse to organa skal saman skal utgjere den lokale kyrkja si øvste leiing og er avhengig av eit godt samarbeid.

Det bør skrivast meir om funksjonsfordeling og delegasjonsreglement for å vise korleis modellane kan formast ut i detalj. Dette må gjerast utover våren. Men det er klart at det i det minste bør vere ein fellesrådstilsett som har ansvar for å vere med i soknerådsmøtene som sekretær og informasjonledd. Dette gjeld uansett kva modell som blir valt.

AU si tilråding i møte 30.10.18

1. Lokaliseringa av kyrkja i Alver blir i hovudsak vidareført som i dag, med 5 kyrkjelydskontor og eitt fellesrådskontor.
2. Det er semje om kva for funksjonar som ligg til fellesrådet. Det blir vidare lagt opp til at sokneråda får naudsynt administrativ hjelp som kasserar og sekretær, og at funksjonar som rekneskap og arkiv / møtehandsaming for sokneråda blir lagt inn i dei IKT-løysingane som kyrkjeleg fellesråd tar i bruk.
3. Praktiske oppgåvekonskvansar av dette må utarbeidast i eige delegasjonsreglement. Eventuelle økonomiske konsekvensar må utgreiast.

4. AU går inn for ein tilpassa Modell C, der ein legg rolla som dagleg leiar for sokneråda til ein stilling i staben. Stillinga vil få oppgåver definert i nytt delegasjonsreglement, m.a. avgrensa personal-funksjonar. Denne stillinga kan rekrutterast ved intern utlysing.

5. Personen som har denne rolla møter i soknerådet, og vil bli eit viktig bindeledd mellom sokneråd og fellestråd. Det er naturleg at desse går inn i kyrkjevevja si leiargruppe.

6. Fordeling av ressursar til stillingane må drøftast nærare. Det er ønskjeleg at soknet bidrar økonomisk. Sokna som i dag ikkje bidrar til stillingar blir utfordra til å gjere dette.

PSU møte 07.11 – signal frå møtet. (Sjå elles eige referat.)

* Tala i modellen er ikkje fastlagte, men eit forsøk på fordeling. Det kom fram at det kan vere behov for å sjå på aktivitet i sokna som ein fordelingsfaktor i tillegg til dei som er brukt i modellen.

* Alle fast tilsette skal beholde stillinga, men det kan bli endringar i stillingsinnhald

* Det vart understreka at dette så langt er eit utkast, men at ein må ta høgd for endringar i stillingsinnhald og andre tilhøve. Det er mogleg å tenke fleksibelt om plassering geografisk av dei merkantile og leiarfunksjonane.

* Fellesnemnda skal fatte strategiske avgjerder, og administrasjonen må gjere tilpassingar til røynda.

* Jamvel om vedtaket bør utformast i prinsipielle, overordna vendingar, så er det viktig å få fatte eit vedtak no og komme vidare i prosessen.

* Det vil i etterkant av fellesnemnda sitt vedtak bli gjennomført samtalar med alle tilsette for å skaffe oversyn over kva den enkelte tenker om framtidig rolle i organisasjonen.

Drøfting med tillitsvalde 09.11.2018.

* Det kom ikkje fram nye moment i dette møtet.

Framlegg til vedtak:

1. Lokaliseringa av kyrkja i Alver blir i hovudsak vidareført som i dag, med 5 kyrkjelydskontor og eitt fellesrådskontor.

2. Det er semje om kva for funksjonar som ligg til fellesrådet:

- Økonomi: Rekneskap, lønn, forretningsmessige funksjonar, utfakturering, tilskot
- Telefoni / IKT / WEB / facebook etc
- Arkivfunksjonar og møteadministrasjon
- Bygg- og anleggsforvaltning
- Gravferdsforvaltning

Det blir vidare lagt opp til at sokneråda får naudsynt administrativ hjelp som kasserar og sekretær, og at funksjonar som rekneskap og arkiv / møtehandsaming for sokneråda blir lagt inn i dei IKT-løysingane som kyrkjeleg fellesråd tar i bruk.

3. Praktiske oppgåvekonskvensar av dette må utarbeidast i eige delegasjonsreglement. Eventuelle økonomiske konskvensar må utgreiast.

4. AU går inn for ein tilpassa Modell C, der ein legg rolla som dagleg leiar for sokneråda til ein stilling i staben. Stillinga vil få oppgåver definert i nytt delegasjonsreglement, m.a. avgrensa personal-funksjonar. Denne stillinga kan rekrutterast ved intern utlysing.

5. Personen som har denne rolla møter i soknerådet, og vil bli eit viktig bindeledd mellom sokneråd og fellesråd. Det er naturleg at desse går inn i kyrkjeverja si leiargruppe.

6. Fordeling av ressursar til stillingane må drøftast nærare. Det er ønskjeleg at soknet bidrar økonomisk. Sokna som i dag ikkje bidrar til stillingar blir utfordra til å gjere dette.

Møtehandsaming:

Leiar i fellesnemnda, Grethe Lunde og kyrkjeverge Anne Sofie Nergård Uthaug presenterte saka og svarte på spørsmål.

Det kom fram forslag om endring av to punkt i vedtaket:

Punkt 2. Første pkt. endres til : *Desse funksjonane ligg til fellesrådet:*

Punkt 4. Første pkt. endres til : *Fellesnemnda vedtar ein tilpassa Modell C,*

Vedtak:

1. Lokaliseringa av kyrkja i Alver blir i hovudsak vidareført som i dag, med 5 kyrkjelydskontor og eitt fellesrådskontor.

2. Desse funksjonane ligg til fellesrådet:

- Økonomi: Rekneskap, lønn, forretningsmessige funksjonar, utfakturering, tilskot
- Telefoni / IKT / WEB / facebook etc
- Arkivfunksjonar og møteadministrasjon
- Bygg- og anleggsforvaltning
- Gravferdsforvaltning

Det blir vidare lagt opp til at sokneråda får naudsynt administrativ hjelp som kasserar og sekretær, og at funksjonar som rekneskap og arkiv / møtehandsaming for sokneråda blir lagt inn i dei IKT-løysingane som kyrkjeleg fellesråd tar i bruk.

3. Praktiske oppgåvekonsekvensar av dette må utarbeidast i eige delegasjonsreglement. Eventuelle økonomiske konsekvensar må utgreiast.

4. Fellesnemnda vedtar ein tilpassa Modell C, der ein legg rolla som dagleg leiar for sokneråda til ein stilling i staben. Stillinga vil få oppgåver definert i nytt delegasjonsreglement, m.a. avgrensa personal-funksjonar. Denne stillinga kan rekrutterast ved intern utlysing.

5. Personen som har denne rolla møter i soknerådet, og vil bli eit viktig bindeledd mellom sokneråd og fellesråd. Det er naturleg at desse går inn i kyrkjeverja si leiargruppe.

6. Fordeling av ressursar til stillingane må drøftast nærare. Det er ønskjeleg at soknet bidrar økonomisk. Sokna som i dag ikkje bidrar til stillingar blir utfordra til å gjere dette.

F – 30/2018 Møteplan vår 2019.

Vedtak:

Møtedagar vår 2019 vert onsdag 13.februar, onsdag 10.april og onsdag 5.juni.
Alle møter vert på Møteplassen, Meland kyrkjekontor på Frekhaug.

Manger, 21.november 2018

Audun Sylta